

Møtereftrat

Møte: Møte AU Nord
Tid/Sted: Onsdag 21.08 kl 08.30 – kl 14 på Medlemssenteret, Nortura Malvik
Tilstede: Svein Slåtsveen, Ragnhild Engan, Tone Rubach, Bente Børsheim, Bjørn-Arne Skoglund, Fred Tore Fagereng, og Svein Inge Jakobsen.
Forfall: Merethe Sund
Kopi til: Vara AU, leiargruppe Medlem region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 21.08.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Konstituering av nestleiar Notat var utsendt med forslag om at AU konstituerer ein nestleiar som fungerer fram til RU-møtet i mars. <u>Innspel:</u> <ul style="list-style-type: none">Forslag om Bjørn Arne som konst nestleiar.Bjørn Arne ynskjer å halde fram som leiar av fagutval egg i tillegg.AU vil ha tilsendt kontaktinfo til RU valkomitéSaknar at valkomitéen tek kontakt for å etterspør korleis AU fungerer	Brit Kari
	Vedtak: AU konstituerer Bjørn Arne som nestleiar.	
2	Fordeling av kretsar på AU-medlemene Brit Kari orienterte om utsendt forslag. Vedtak: AU vedtek ny fordeling av kretsar, jf vedlegg.	
3	Orientering frå Medlem og Drift region Nord Svein Inge orienterte om tilførsler om storfe. Har i region Nord slakta meir storfe pr veke 42 i år mot i fjor. Horn har nedgang i tilførslane. Slakta færre gris, ca 800 tonn, m.a. pga MRSA, gjev redusert inntening på fabrikkane. Fleire har starta med ullgris, men vi har ikkje mottaksplikt. Oppstart sesong småfe no, og fyrste innsal av Polarlam er dekt. Info til alle småfeprodusentar er utsendt, skal informere breidt om at frå veke 43 er det oppfordra til kjøp av sau. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Når er dei fyrste sanerte for MRSA klar for levering igjen?Ingen som er ramma av MRSA som signaliserer nedlegging?Konsekvensar for svineproduksjonen i Nord-Norge?Ingen svineprodusentar som er påmeldt utkjøpsordninga for purker?Bekymring for utviklinga på ullgris pga usikkerheit ved sjukdomar, mogeleg overførbar smitte frå rasen og innkryssing i produksjonsgrisen.Anmode om at det vert informert om at vi ikkje har mottaksplikt for ullgris? Bente tek det vidare i fagutval gris.Kvifor starta prisløypa så tidleg dersom det ikkje er etterspurnad etter lam no?Differensiert prisløype lam er diskutert, men umogeleg å handtere.Viktigare å halde prisen lengst råd.Etterspør internt lager på lam.	Bente

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 4 **Søknad frå Nordnorsk Landbruksråd om tilskot til prosjekt vedk framtida for mjølkeproduksjonen i Nord-Norge**
Søknaden var utsendt. Forslag om at Nortura innvilgar støtte på inntil kr 20 000 til forprosjekt som omsøkt, med vilkår om at det vert presisert behovet for kjøtproduksjon på mjølkebruket og at kjøtproduksjonen også vert kartlagt.

Spørsmål/kommentarar:

- Prosjektet må legge vekt på at kalven frå mjølkebruket enten må fôrast fram der eller ha ein plan for vidareasal.

Vedtak: AU vedtek støtte på inntil kr 20 000 til forprosjekt som omsøkt, med vilkår om at det vert presisert behovet for kjøtproduksjon på mjølkebruket og at kjøtproduksjonen også vert kartlagt.

-
- 5 **Orientering frå fagutvala og ansvarskretsane**
Tone orienterte om at ho har vore i dialog vedk livdyr og nisje. Stor mangel på grønne buskavar. Pål Løvås er hennar kontaktperson på retur og nisje. Har hatt kontakt med ansvarskretsane. Stand på Bakgården i Harstad førre helg, 2 500 smaksprøver på Thulefjord. Medlemsbutikken i Harstad går bra.

Spørsmål/kommentarar:

- Må få beskjed lenger enn 2 dagar før om henting.
- Må få beskjed om det vert endra henting i forhold til basisveka.
- Uheldig at Medlemsbutikken i Harstad har ope for alle, ikkje berre Medlemar.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 6 **Aktivitetsplanarbeid for 2020**
Brit Kari orienterte om aktivitetsplanarbeidet. AU må ha ressursgruppemøter i september, der handlingsplanar for 2020 skal lagast saman med fag/tilførsel. AU

-
- 7 **Kretsarbeidet**
Brit Kari orienterte om at effektiv og rasjonell samhandling mellom bonden og Nortura er tema for høyringa til kretsutvala i haust. I tillegg skal handlingsplan 2020 for fag/tilførsel på høyring i kretsutvala.

Innspel/kommentarar:

- Viktig med info til eigarane om kvifor det er viktig med med rett innmelding, og konsekvensar av endring i levert antal.
- AU ynskjer tlf møter i vekene 40 og 41, leia av AU-medlemane for sine ansvarskretsar. Svein og Bjørn Arne kan delta på alle møta, viss dei vil.
- Deltaking på RU-møtet som tema i tlf møtet, samt deltaking kvelden før. Dekke overnattinga sjølv?
- Oppfordre kretsleiarane til å ta kontakt, evt å utfordre på konkrete saker.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 8 **Planlegging av regionutvalsmøtet 30. og 31.10**
Brit Kari orienterte om tidsrammene. Ynskjer innspel til agenda og konsernleing.

Innspel/kommentarar:

- Ynskjer 2-dagers til våren også pga kort tidsramme.
- Samhandling bonde og Nortura som tema. Sal? Transport? Sentralisering i Nortura?
- Landbruk over heile landet, men må kunne leve av det. Gris: Arne og Per Fredrik og kvifor landbruk i Nord. Viktigheita av samvirke. Hanne Elby, Agri Analyse
- Ynskje om deltaking av ny konsernsjef

- Dyrevelferd og program på storfe og sau
- Eigarløftet?
- Matmakt v/Siri Helle?
- Separate møter på dyreslaga

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med planlegginga av regionutvalsmøtet.

9 **Eventuelt**